



Bjørg Inga Miljeteig med pinnekjøttet i eldhuset.

**Friheim Gardsmat er godt rusta til ei ny jul og har vore det lenge, for pinnakjøttet vart bortbestilt allereie sist sommar, fortel Bjørg Inga Miljeteig. Det same gjeld pinnabogen, som er like populær som kjøttet, Men dei dyktige matprodusentane nær toppen av dalen har fleire delikatessar med julesus å lokka med: Sylteflesk, fårerull og mårpølse er 3 av dei.**

Friheim held fram med å selja direkte og utanom mellomledd. Dei har konstatert at det lønar seg best.

Til dømes satsar dei sterkt på Rosendal si julesatsing 6. og 7. desember og arrangementet på Nå 15. desember også dette året med bakgunn i gode erfaringar. Rosendal er ein god salsstad for Friheim også ein gong til i året - under mat- og kunstfestivalen.

Planen om slakting og bearbeiding av hjortekjøtt er lagt på is førebels.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen